

PROTOKOLL STYREMØTE SFT

Dato: onsdag 30. september 2020

Stad: møterom Thon Hotell, Skei. **Tid:** kl. 17.00-20.00

Desse møtte: Siv Merete Stadheim, Irene Lunde, Karen Weichert, og Ron Overdevest

Tilsette: Astrid Kalstveit og Marie Sørum

Melde forfall: Steffen Sandene, Odd Henrik Berge, Vigdis Flaten Kvammen, Lars Røyarhus og Silje Vallestad (permisjon).

Sak 39 Innkallinga blei godkjent etter at to punkt blei tilført, eit under ymse og eit under orienteringssakene.

Sak 40 **Protokoll styremøtet** 26. august vart godkjent.

Sak 41 **Orienteringssaker**

Rapport synfaring turlagskontor og lager.

Administrasjon informer:

(sjå eige dokument)

- **Dagleg leiar (DL) hadde møte med Indre Sunnfjord Turlag** 15. september. IST ser nå på moglege løysingar i høve lagerplass og event. kontorplass/møterom.
- **DL hadde skypemøte med Vestland fylkeskommune (VLFK)** 25. september. DL presenterte SFT foreininga for nye tilsette friluftsliv og naturforvaltning i fylkeskommunen.
- **E-post svar frå VLFK 12.09** i høve driftstilskot SFT 2021. Vår søknad driftsstøtte vert endeleg budsjetthandsama i fylkesting 15.12.2020. Det er søkt om tilskot til ungdomsstilling i samband med søknad om driftsstøtte.
- **Ekstraordinære midlar til ordinær kultur- og idrettsaktivitet** som er råka av koronasituasjonen med søknadsfrist 1. november 2020. Skjema er sendt lokallaga og SFT utformar event. felles søknad.
- det er viktig å få med timebruk m.m. til SFT sin administrasjon i rekneskap for alle prosjekta våre, for å få fram eigeninnsatsen.
- **Dagleg leiar er invitert til avduking** av eit minne om turleiar Anders J. Bøyum i Fjærland, den 24. oktober. Anders blei mykje nytta som turleiar på tradisjonsturen Lunde-Fjærland, som SFT arrangerte i ei årrekke.



Naturvernutvalet:

Høyring stortingsmelding 28 (2019-2020) Vindkraft på land og endringar i konsesjonsbehandlinga.

DNT Vest jobbar med høyringsinnspel.

- **Ekstraordinært landsmøte** 24. oktober. Sakspapir er sendt ut. Møtet blir digitalt og styremedlem og lokallag oppmoda om å ta del.

Sak 42 Fellessamling SFT, Vik i Sogn 17.-18. oktober

Styret vèl mellom 2 alternativ: anten gjennomføre fellesmøte fysisk eller avlyse fellesmøtet.

Vedtak: Styret vedtok å avlyse fellesmøtet i 2020. Astrid orienterer valnemnda slik at dei startar jobben. SFT tek «regionsmøte» for å førebu lokallaga på saker til årsmøtet.

Sak 43 Organisasjonssekretær, butikk og lager (organisatoriske endringar)

I høve organisasjonsstillinga er det berre snakk om namnet, kva vi kallar stillinga. Har ikkje påverknad på innhald i stillinga, løn eller korleis DNT sentralt samarbeider med SFT.

- Innspel frå referansegruppe, som er med å fatta styret sitt vedtak:

SFT er inne på «rett spor» i høve desse punkta: endre namnet til stillinga til organisasjonssekretær, kutte ut butikk og utstyrlager.

Endringar medfører og endringar i vedtekter, og desse må vere klare til årsmøtet i 2021.

Vedtak: SFT lyser ut stillinga som «organisasjonssekretær», då Astrid sluttar 1.4.2021

Vedtak: Det blir ikkje kjøpt inn nye varer. Vi avsluttar varesalet 31.12.2020 for å føre resten av varelageret som tap i rekneskapen 2020. Varene kan delast ut til lokallaga på ein demokratisk måte.

Sak 44 Rydding kontor og utstyrlager

SFT skal bidra med å etablere «Bua» i alle kommunar. At utstyr vert brukt på tvers av lag og organisasjonar, er i tråd med vår handlingsplan på gjenbruk. Samt at det gjer ein mindre skilnad mellom personar, som gjer at fleire har økonomisk moglegheit til å delta på friluftaktivitetar.

- **Gamle bilag**

- **Arkivering hjå Fylkesarkivet**

Agnar Åsnes, tidlegare styreleiar SFT, kan hjelpe til med å sortere dokument i lag med dagleg leiar.



Vi gjekk kort gjennom rettleiinga for kva som skal takast vare på og kva som skal kastast. I utgangspunkt er det material frå dei siste 5 åra, som skal takast vare på ved kontoret.

SFT sitt arkivmateriale kan leverast til mottakarinstitusjon anten som gåve eller deponering. Det siste inneber at eigarskapen framleis ligg hjå den som leverer frå seg arkivet. Fylkesarkivet ønskjer vanlegvis å ta imot privatarkiv som gåve. Det har ei rein praktisk årsak, ettersom det forenklar administrasjonen av samlingane deira.

Det andre som er viktig å avgjere er bruk av arkivet. For privatarkiv har den som leverer frå seg materialet høve til å setje bruksvilkår. Det er fylkesarkivet si tilråding at privatarkiv dei tek inn skal kunne nyttast fritt, dersom dei ikkje inneheld teiepliktig informasjon. Oppbevaring av arkivet hjå fylkesarkivet er gratis, men det ligg nok ei forventning frå deira side om at SFT ryddar og ordnar i arkivet før innlevering.

Bruk av arkiv hjå Fylkesarkivet kan anten skje ved besøk på lesesalen, eller ved at dei digitaliserer arkivmateriale (innanfor rimelege grenser) og sender digitale kjeldekopiar elektronisk til brukaren.

Administrasjonen tek sikte på å bli ferdig med dette arbeidet innan 1. mars.

Vedtak: Alt arkivverdig materiale vert overført til Fylkesarkivet som gåve i deira eige og kan nyttast fritt.

Sak 45 Ymse

- **Signal frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane**

SFT blei kontakta av Sparebankstiftinga. Dei ynskjer meir samordna søknadar frå SFT framføre enkeltsøknadar frå lokallaga. Det kan t.d. søkjast om prosjekt som løfter alle lokallag med tanke på publisering på UT.no, pluss midlar til skilting. Kan gjerne planleggjast i framtid, at det blir søkt til ulike ting i ulike år. Då kan lokallaga planlegge betre.

Her har SFT ein stor fordel ved å framleis opererer i Sogn og Fjordane. Det er dette området som Sogn og Fjordane Sparebank støttar (ikkje Vestland).

- **Utstyrsbuer**

Utstyrsbuer er under planlegging i kommunane i Sogn og Fjordane, som også andre frivillige lag kan bruke. m.m. Styreleiar har vore i kontakt med Sunnfjord kommune, som truleg vert den fyrste kommunen, som startar med dette tilbodet.

- **Førespurnad om støtte til Bergen og Hordaland Turlag (BHT) sitt innspel til Strategisk handlingsplan for natur, kulturarv og miljø for DNT 2020-2023.**

Ron orienterte. «BHT vil ha inn fylgjande under punkt 4.2 – Delmål og tiltak, etter fyrste kulepunkt:

- Herunder at vindkraftutbygginger blir behandlet lokalt gjennom plan og bygningsloven.
- Alternativt/ i andre rekke, arbeide for at medvirkningsprinsipp i plan og bygningsloven i større grad vert lagt til grunn i planleggingsprosessen for vindkraftutbygging, og at Fylkesmannen får ansvar for utredningstemaer innen miljø».

Frist svar innan 16. oktober.

Vedtak: SFT støtter innspelet til endringsforslaget.

- **SFT har framleis 15 direkte medlemmar – stemmerett?**

Dagleg leiar har overført desse medlemene til eigna lokallag, så nå har SFT ingen direkte medlemmar lenger. Dei hadde ikkje stemmerett på årsmøtet, og stod såleis litt utanom systemet.

- **Tal stemmer på årsmøtet**

Dagleg leiar presenterte eit framlegg og har nytta medlemstal pr. 1.9.2020 (kan bli endra ved års slutt).

Framlegg stemmetal kvart lokallag: Kvar påbegynt 200 medlem gir 1 stemme.

Styret stilte spørsmål om det er rett at styret i SFT skal ha stemmerett på årsmøtet til SFT? SFT er «eigd» av lokallaga. Spørsmål som då må vurderast, er kvifor styret har stemmerett der. Styret skal handsame saka nærare i neste styremøte og førebu saka til årsmøtet.

- **Ung stilling**

Prosjektlear reiste spørsmål om vidareføring av prosjektstilling born og unge. Styreleiar informerte om, at det ikkje var sett av midlar til denne stillinga i 2021. Styret vil handsame kontingentutrekninga 2021 og diskutere nærare driftstilskot frå lokallaga. Dagleg leiar har søkt driftsmidlar hjå Vestland fylkeskommune og lagt inn ynskje nytte deler av tilskot til ung-stilling.

- **Neste styremøte.** Digitalt møte kl. 18 onsdag 28. oktober

Referent Karen Weichert og Astrid Kalstveit